

Saksbehandlar: Anne Katrin Bøyum
Sak nr.: 21/783-1

Flytting av budsjettmidlar frå helse og omsorg til plan og samfunn

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til gjere slikt vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek å redusere ramma til helse og omsorg med kr 5 459 000 og samtidig auke ramma til plan og samfunn med kr 5 459 000.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

1. Oppgåvene til bustadkontoret er knytt til utleige av kommunale bustader og handtering av Husbanken sine støtteordningar på vegne av kommunen. Tidlegare har bustadkontoret vore organisert under helse og omsorg. Rådmannen valde å flytte organiseringa slik at bustadkontoret er direkte under kommunalsjef for plan og samfunn. I samanheng med dette må ein gjere vedtak på flytting av budsjettmidlar mellom to sektorar.

Flytting kr 5 574 000

2. I tillegg må ein flytte straumutgifter frå helse og omsorg til plan og samfunn som gjeld bygning knytta til ressursenteret.

Flytting kr 115 000

Totalt ramme som skal flyttast mellom to sektorar er kr 5 459 000.